



# ÅRSRAPPORT 2022







# INNHALD

Styreleiar har ordet .....	5
Styret i Fusa Kraftlag .....	6
Styret si årsmelding .....	7
Året 2022 .....	17

## Tal frå verksemda

Småkraft – Dotter- og tilknytta selskap .....	18
Overføring til Lysna .....	18
Strøyma – Salg og omsetning .....	19
Strøyma – Ny app! .....	19
Kundeundersøking 2022 .....	19
Resultatrekneskap .....	20
Balanse pr. 31. desember .....	22

## Notar til rekneskapen 2022

Rekneskapsprinsipp .....	27
Note 1 – Varige driftsmidler .....	30
Note 2 – Segmentinformasjon, rekneskap fordelt på verksemdar .....	32
Note 3 – Fordringar med forfall seinare enn eitt år .....	34
Note 4 – Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m. ....	35
Note 5 – Skattekostnad .....	36
Note 6 – Medlemskapital .....	38
Note 7 – Aksjar og partar i dotterselskap – Mor og konsern .....	39
Note 8 – Aksjar og partar i tilknytt selskap – Mor og konsern .....	39
Note 9 – Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar – Mor og konsern .....	40
Note 10 – Gjeld til kredittinstitusjonar .....	42
Note 11 – Finansiell risiko – Mor og konsern .....	42
Note 12 – Pantsetjingar og garantiar mv. – Mor og konsern .....	43
Note 13 – Bundne midlar .....	44
Note 14 – Lån til nærstående selskap .....	44
Kontantstraumoppstilling .....	46

Revisjonsmelding .....	48
------------------------	----





 **FUSA  
KRAFTLAG**  
Stallabrotvegen 119/121  
Varelevering   
Administrasjon 



# STYRELEIAR HAR ORDET

## Fusa Kraftlag SA – ein viktig samfunnsaktør

2022 har vore eit krevjande år både for næringsliv og private. Auka straumprisar er ei viktig årsak til prisauke og inflasjon på andre varer. For eit samvirkelag er det alltid eit mål å levera produkta våre til lågast mogeleg pris. Slik straummarknaden er innretta så vert norske straumprisar fastsett ut frå prisen på den europeiske kraft marknaden. Gjennom kablane til Europa er Norge sterkt knytt til den europeiske kraftmarknaden. Eg er derfor redd me vil oppleva høge prisar også i tida som kjem. Det er lett å forstå at mange, trass straumstøtta synest at straumrekningane har vore høge. Me er lei oss for at kundar opplever dei høge straumprisane som ei utfordring. Frå selskapet si side gjer me det me kan for å finna løysingar for dei som slit.

Kraftlaget si verksemd er samfunnskritisk. Det vil sei at det kan få store konsekvensar for samfunnet om til dømes straumnettlet eller fibernettet skulle falla ut. Med krig på europeisk jord er det viktig at også Fusa Kraftlag SA og dotterselskapa, er rusta til å takla kritiske situasjonar. Under pandemien fekk selskapet erfaring med å drifta under unormale forhold.


Selskapet har opp gjennom åra investert store summar i nettet, både straum og fiber. For å unngå uønska hendingar med bortfall av straum og internett er det viktig å ha eit solid nett. Med dagens verdsbilde er det å ha ein velfungerande infrastruktur viktigare enn på lenge.

2022 er første året på lenge at selskapet har underskot. På denne bakgrunn er det for 2022 ikkje mogeleg å setta av midlar til kjøpeutbyte. Etter vedtektene kan eit kjøpeutbyte vera inntil 25% av overskotet.

Eg er imponert over den innsatsen som dei tilsette i Fusa Kraftlag SA med dotterselskap gjer. Eg vil derfor retta ein stor takk til alle som kvar dag gjer ein kjempe jobb for å sikra at me alle får straum og fiber levert på døra, kvar dag. Stor takk til alle.

Takk for meg.

Eg har takka nei til attval i styret. Det har vore ei spennande reise som eg er veldig glad eg har fått vore med på. Vil på denne måten takka alle for den tillit som er vist meg gjennom desse åra.



Magne Djuvik  
Styreleiar



# STYRET I FUSA KRAFTLAG



**Magne Djuvik**  
Styreleiar



**Ranveig Næss**  
Nestleiar



**Stig Tveit**  
Styremedlem



**Atle Kvåle**  
Styremedlem



**Anette G. Berge**  
Styremedlem



**Tove Hjartnes Fosså**  
Dagleg leiar



# STYRET SI ÅRSMELDING

## Generelt

### VERKSEMDA

Fusa Kraftlag SA held til i Eikelandsosen i Bjørnafjorden kommune.

Verksemda vart etablert i 1946 som eit partslag under namnet Strandvik, Fusa & Hålandsdalen Kraftlag. Då desse tre kommunane vart slått saman i 1964 fekk verksemda namnet Fusa Kraftlag P/L. I 2010 endra verksemda selskapsform frå partslag til ålmennyttig samvirkeføretak, verksemda fekk då namnet Fusa Kraftlag SA. På grunn av endringar i energilova vart verksemda frå og med 1. januar 2020 omdanna til konsern.

Straumnettet og dei tilsette som er knytt til drift og vedlikehald av dette er plassert i Lysna AS. Fibernettet og straum- sal, samt dei tilsette som er knytt til drift og vedlikehald av fibernettet, er plassert i Strøyma AS. Tilsette som er knytt til økonomi og merkantile stillingar er tilsett i Fusa Kraftlag SA. Det er laga konserninterne avtalar om kjøp og sal av interne tenester, samt kostnadsdeling.

Fusa Kraftlag SA eig 100 % av aksjane i Lysna AS og Strøyma AS.

Lysna AS har områdekonsesjon for å byggje og drive forsyningsanlegg med spenning opp til 22 kV i delar av Bjørnafjorden kommune, tidlegare Fusa kommune.

Strøyma AS eig og driftar fibernett i same geografiske område. Strøyma AS har også omsetningskonsesjon for sal av elektrisk energi, denne konsesjonen er ikkje geografisk avgrensa og verksemda tilbyr straumtenester til alle, med spesielt fokus på Bjørnafjorden kommune og områda rundt.

I kraft av kapitalressursar har Fusa Kraftlag SA satsa på å delta i selskap for utbygging og drift av lokale småkraftverk og eig i dag i fire småkraftverk som alle er i drift.

Det er også nokon prosjekt under utgreiing for å vurdere utbygging.

Fusa Kraftlag SA forvaltar eigne kapitalressursar, hovudsakleg ved ekstern forvaltar.

Konsernet Fusa Kraftlag SA har teikna styreansvarsfor- sikring som dekkar styremedlemer, leing og tilsette som har tilknytning til styrearbeid.

### FØREMÅL

Fusa Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet, slik det går fram av vedtektene:

- Å fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområde
- Dette skal oppnåast gjennom;
  - » Å eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning
  - » Å omsetje elektrisk energi
  - » Å produsere energi, eller delta som eigar i produksjonsanlegg
  - » Å byggja og driva breibandsnett
  - » Å forvalta kapitalfondet slik at det gjer ei langsiktig stabil inntekt
  - » Å driva, yte midlar til, eller eiga anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet
  - » Å delta aktivt i tiltak med ålmennyttig føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde

Fusa Kraftlag SA, saman med Lysna AS og Strøyma AS oppfyller samla føremålet i vedtektene til Fusa Kraftlag SA.



### VIDARE DRIFT

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Styret stadfestar at føresetnaden for vidare drift er oppfylt.

### ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Konsernet Fusa Kraftlag SA med dei to dotterselskapa har i 2022 hatt totalt 20,2 årsverk fordelt på 21 fast tilsette og ein lærling.

Dei tilsette er fordelt slik i dei tre selskapa: Fusa Kraftlag SA har 6 fast tilsette, Lysna AS har 10 fast tilsette og 1 lærling, Strøyma AS har 5 fast tilsette.

Sjukefråværet i konsernet i 2022 har vore 3,8 % korttidsfråvær og 1,2 % langtidsfråvær.

Konsernet Fusa kraftlag har ei felles HMS-målsetjing for alle selskapa i konsernet.

Våre tilsette skal ha eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Me skal følgje lover og forskrifter og jobbe for å unngå at alvorlege ulukker skal skje i vår bedrift. Bedrifta skal leggje til rette for dette arbeidet gjennom gode rutinar og god kommunikasjon slik at alle tilsette blir involvert og engasjert i HMS-arbeidet!

Konsernet er IA-bedrift, og har eit godt samarbeid med Bedriftshelse 1 som støtte i HMS-arbeidet. Arbeidsmiljøutvalet på fire medlemmer har hatt fire møter i 2022.

Alt personell som arbeider på eller nær ved spenningsførande anlegg gjennomfører kvart år lovpålagt opplæring i sikkerhetsforskrifter. Dette omfattar også praktisk og teoretisk førstehjelpsopplæring. Alle tilsette deltek i førstehjelpsopplæringa.

Det er kort avstand mellom leiing og tilsette. Det gjer at det er naturleg med direkte kommunikasjon mellom alle tilsette også utanom faste møter i AMU og liknande.

Det har ikkje vore hendingar med personskade som har ført til fråvær i 2022.

### LIKEBEHANDLING

Fusa Kraftlag SA legg vekt på at tilsette av begge kjønn skal behandlast likt. Av dei fast tilsette i konsernet er åtte kvinner og 13 menn. Av styret sine fem medlemmer er to kvinner og tre menn.

### OPENHEIT

Grunna omsetningstal og balansesum i Strøyma AS er Fusa Kraftlag SA og Strøyma AS omfatta av «Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettiheter og anstendige arbeidsforhold» (åpenhetsloven). Det betyr at det skal gjennomførast aktsemdsvurderingar etter lova, og det skal utarbeidast ei utgreiing for aktsemdsvurderingane som skal offentleggjerast. Utgreiinga skal leggjast på nettsida til Fusa Kraftlag SA under fana «Om oss», innan 30. juni 2023.

### YTRE MILJØ

Infrastruktur for overføring av elektrisk energi og fiberinstallasjonar set spor etter seg i det ytre miljø. Linjer, nettstasjonar, koplingsanlegg og nodehus viser att i naturen. Konsernet arbeider for å finna løysingar som gjev minst mogleg påverknad på det ytre miljøet.

I utbygging og drift av småkraftverk er det strenge krav til utforming og gjennomføring med omsyn til miljøet. Myndigheitene fører miljøtilsyn både under bygging og etter ferdigstilling av anlegg.

Konsernet har fokus på å redusere påverknad av miljø i størst mogleg grad, fokus på opprydding og kjeldesortering er ein del av kvardagen. Det har ikkje vore spesielle hendingar i 2022 som har forureina det ytre miljøet.

### INFORMASJON OG KUNDEKONTAKT

God kundekontakt og korrekt og nyttig informasjonsflyt er viktig for alle selskapa i konsernet Fusa Kraftlag SA.





Det vert lagt stor vekt på at dette skal fungere best mogeleg. Det er fokus på å ha god kommunikasjon med kundane via ulike sosiale media, og lokalpressa.

I kundehandsamingssystemet er det moglegheit til å senda ut SMS og epost til kundar ved feil og ved planlagde utkoplingar på straum- og fibernettet.

### **FORSKOTTERINGAR OG TILSKOT**

Fusa Kraftlag SA har bidrege til forskottering av fleire store vegprosjekt i nærområdet. Fleire ulike idrettsanlegg har fått støtte og hjelp til forskottering av tippemidlar for å bli realisert. Det er viktig for Fusa Kraftlag SA å vera med å

utvikla nærområda våre med god infrastruktur og gode aktivitetstilbod.

### **GÅVER TIL LAG OG ORGANISASJONAR**

Fusa Kraftlag har i over 20 år delt ut midlar til lag og organisasjonar, det er fint og viktig å vere med å byggje opp under det rike frivilligarbeidet som finns i nærmiljøet vårt. Rundt 0,4 mill. kroner vart delt ut ved den årlege tildelinga på hausten. Dette året fekk to talentfulle ungdomar ungdomsstipend på kr 25 000 kvar. Det er også inngått nokre sponsoravtalar og gitt mindre løyvingar frå administrasjonen gjennom året.



# Om den daglege drifta i konsernet

## FUSA KRAFTLAG SA

Fusa Kraftlag SA er morselskapet i konsernet. Dei tilsette i Fusa Kraftlag SA er i hovudsak knytt til økonomitenester, kundesamling og andre merkantile oppgåver som vert utført for alle selskapa i konsernet. Dagleg leiar for alle selskapa i konsernet er tilsett i Fusa Kraftlag SA. Tenester til dei andre selskapa i konsernet vert seld basert på tidsforbruk og i tråd med konsernintern avtale. Fusa Kraftlag SA kjøper på same måte tenester frå dotterselskapa, blant anna i form av IT- og vedlikehalds-tenester.

Morselskap eller konsern driv ikkje med eigen forskning eller utvikling etter den rekneskapsmessige definisjonen.

## SMÅKRAFT

Fusa Kraftlag SA er medeigar i fleire lokale småkraftselskap og er såleis ein aktør innan kraftproduksjon. 2022 har vore eit særst godt inntektsår for småkraftverka, som har gjort det mogleg å redusere gjeld, og samtidig fått gjort nødvendige oppgraderingar.

Det viser seg at det er rett å tenkje på småkraftinvesteringa til Fusa Kraftlag SA som ei langsiktig investering som gjev positive verdiar til lokalsamfunnet. Å vera ein aktør innan miljøvenleg kraftproduksjon og lokal verdiskaping er eit bevisst val selskapet har teke. Styret ønskjer framleis å ha eigarskap i lokale småkraftprosjekt.

Fusa Kraftlag SA eig over 50 % av aksjane i Hopselva Kraftverk AS, Bratthus Kraftverk AS og Gjønælv Kraftverk AS, dei blir definert som dotterselskap og inngår i konsernrekneskapet. I Eitro Kraftverk AS eig Fusa Kraftlag SA 49 %, dette selskapet er derved definert som tilknytt selskap.

Hausten 2022 fekk Sunnhordaland Kraftlag AS avslag på søknaden om Kvandalselva Kraftverk. Fusa Kraftlag SA er delaktig i prosjektet. Det er sendt inn anke til NVE på avslaget, saman med justeringar for prosjektet, og ein ventar no på tilbakemelding på anken.



Sunnhordaland Kraftlag AS og Fusa Kraftlag SA ser også på fleire aktuelle småkraftprosjekt i lokalområdet. Ein er i gang med utarbeiding av konsesjonssøknad for eit nytt kraftverk på Gjør. Det er ikkje sendt søknad på dette enda.

Hopselva Kraftverk AS produserte 12,4 GWh i 2022. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 168 øre/kWh mot 81 øre/kWh i 2021. Hopselva Kraftverk AS har positivt resultat på 15 mill. kroner.

Bratthus Kraftverk AS produserte 1,4 GWh i 2022. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 175 øre/kWh mot 76 øre/kWh i 2021. Bratthus Kraftverk AS har positivt årsresultat på 1,66 mill. kroner.

Gjønaelva Kraftverk AS produserte 8,9 GWh i 2022. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 174 øre/kWh mot 77 øre/kWh i 2021. Gjønaelva Kraftverk AS har positivt resultat på 7,9 mill. kroner.

Eitro Kraftverk AS produserte 10,7 GWh i 2022. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 188 øre/kWh mot 74 øre/kWh i 2021. Eitro Kraftverk AS har positivt resultat på 9,6 mill. kroner.

## FINANSIELL RISIKO

### Marknadsrisiko

Morselskapet Fusa Kraftlag SA har plassert likvide midlar i ulike verdipapir. Desse er utsett for ordinær kursrisiko. Hovudvekta av plasseringane er plassert i fond og obligasjonar, forvalta ved hjelp av ekstern profesjonell forvaltar, med moderat risiko.

Det har vore høg risiko i straummarknaden gjennom året grunna store forskjellar mellom dei ulike prisområda. Det er kun mogleg å sikre systempris, og forskjellen mellom systempris og områdepris har ført til tap på enkelte av straumprodukta. Det er også stor konkurranse i marknaden og lav fortjeneste.

### Likviditetsrisiko

Selskapet har sikra finansiering gjennom langsiktig lån og avtale og trekkrettar, i tillegg til likvide plasseringar i fond som gjer at likviditetsrisikoen for konsernet blir vurdert som lav.

### Kredittrisiko

Fordringar er fordelt på mange kundar, og risikoen for tap på kundefordringar er vurdert som låg. Morselskapet har ytt lån til småkraftselskapa vi er medeigar i. Småkraftselskapa er eksponert for varierende kraftproduksjon og prisar. Kredittrisiko for lån ytt til småkraftverk er derfor vurdert som moderat.

Kontantstraumoppstillinga viser at den likviditetsmessige stillinga ved årsskiftet og gjennom året var tilfredstillande.

## KAPITALFORVALTNING

Fusa Kraftlag SA har totalt sett hatt betydeleg positiv avkastning av kapitalfondet frå oppstart. Forvaltning av kapitalfondet vert gjennomført etter gjeldande strategi:

- Fusa Kraftlag SA sin kapital skal som hovudregel plasserast i likvide fond
- Fusa Kraftlag SA skal nytta ekstern profesjonell kapitalforvaltar

Sjølv om avkastninga på kapitalen som er plassert hos ekstern forvaltar er negativ for 2022 er den i tråd med styret sine forventningar over tid. Risikoen for denne delen av kapitalfondet er på eit nivå som er naturleg for eit selskap som Fusa Kraftlag SA.

Strategien for kapitalforvaltning vart lagt om for nokre år tilbake. Det er framleis nokon av tidlegare investeringar plassert i enkeltelskap der ein opplever låg verdiutvikling, svak likviditet og liten avkastning. Finansutvalet avgjer i samråd med ekstern forvaltar når det er rett å selja seg ut av enkeltplasseringar.

2022 var prega av urolege tider med krig i Ukraina og høg inflasjon. Dette påverka fondsporteføljen i negativ retning. Verdien av den delen av fondsporteføljen som er plassert gjennom ekstern forvaltar gjekk ned med 10,7 % i forhold til 2021.



### LYSNA AS

Lysna AS er nettselskapet i konsernet, selskapet har områdekonsesjon i deler av Bjørnafjorden kommune (tidlegare Fusa kommune).

Ein områdekonsesjon er eit løyve til å byggje og drive fordelingsnett med spenning opp til 22 kV innanfor eit geografisk avgrensa område. Konsesjon blir gitt av NVE.

I 2022 vart det totalt overført 89,6 GWh inn i Lysna AS sitt distribusjonsnett. Av totalt overført mengde utgjorde lokal småkraftproduksjon 54,3 GWh. Overført forbruk har gått ned frå 2021 med 6,7 GWh. Av det kan ein konkludera med at høg straumpris påverkar forbruket, kundane sparar det dei kan.

Det er totalt ni småkraftverk med ei samla yting på ca 22 MW som er tilknytt distribusjonsnettet til Lysna AS. I tillegg til småkraftverk er det også nokre mindre produsentar i form av mikrokraftverk og etter kvart ein del solcelle.

Nettapet var på 7,8 % av overført mengde, og utgjorde 7,0 GWh. Overføring av lokal produksjon medverkar til auka tap i distribusjonsnettet. Den delen av auka tap som kjem på grunn av lokal produksjon, vert dekkja inn av produsentane via innmatingstariffen.

På grunn av dei høge straumprisane fekk Lysna AS, og andre nettselskap, svært høge kostnader med å dekke nettapet i 2022. På same tid fekk Statnett ekstraordinært høge flaskehalsinntekter. Flaskehalsinntekter oppstår når kraft blir overført mellom områder med ulik kraftpris. Heldigvis vart det bestemt at noko av desse flaskehalsinntektene skulle tilbakeførast til nettselskapa i 2022 og 2023, dette gjorde at Lysna AS slapp å auke nettleiga for å dekke auka kostnader.

Det er i 2022 investert for 4,7 mill.kroner i straumnettet, og reinvestert for 0,7 mill.kroner i nytt AMS-system (målersystem).

Delar av arbeidet som er utført er ny høgspent linje med nettstasjon til eit fiskeanlegg, ombygging av to nettstasjonar i mast til nettstasjon på bakken, omlegging

av høg- og lågspantanlegg i samband med vegarbeid i Eikelandsosen. I tillegg er alle farvasskilt skifta grunna nye krav til skilting, og arbeidet med oppgradering av AMS-systemet fortset.

For 2022 hadde Lysna AS ein KILE-kostnad på 0,26 mill. kroner, av dette var 0,085 mill. kroner for planlagde utkoplingar og 0,175 mill. kroner for uvarsla utkoplingar. (KILE; kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje-levert energi).

Dei største driftsavbrot skulast; eit driftsavbrot i regionalnettet, tre driftsavbrot pga feil på komponent, og fire driftsavbrot pga sterk vind eller torevær.

Lysna AS utfører på vegne av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) tilsyn med elektriske anlegg i forsyningsområdet, Det Lokale Eltilsyn(DLE). Tilsyna blir utført etter instruks frå DSB og årleg vert det utført omlag 200 kontrollar. Tilsynet omfattar stikkprøvekontroll av elektriske anlegg i alle typar bygg, samt kontroll av internkontrollsystem knytt til elektriske anlegg for bedrifter og landbruk.

### NETTLEIGE

Det vart i 2022 overført 82,5 GWh til sluttbrukarar i konsesjonsområdet. Ved årsskifte 2021/2022 vart nettleiga for 2021 vidareført. Frå 1. juli 2022, vart lovverket endra og nettleiga til Lysna AS vart lagt om til ny modell. Målet med den nye nettleiga er å fordele straumforbruket jevnare utover døgeret for å utnytte straumnettet betre.

Nettinntekter for 2022 utgjorde totalt 35,3 mill. kroner. I tillegg har Lysna motteke 13,4 mill.kroner i flaskehalsinntekter. Lysna AS hadde i 2022 ei tillaten inntekt 47,5 mill. kroner. og hadde dermed meirinntekt i 2022.

Mindreinntektssaldoen pr 31.12.2022 er 3,9 mill. kroner. Denne kan hentast inn frå kundane seinare år.

Resultat 2022 for Lysna AS er 3,3 mill. kroner.



## STRØYMA AS

Strøyma AS eig, driftar og vedlikeheld fibernettet. Strøyma AS har også omsetningskonsesjon for sal av straum til sluttkundar.

## STRAUMSAL

Strøyma AS selde 96,3 GWh straum til sluttbrukarar i 2022. Av dette vart det seld 38,3 GWh til kundar utanfor tidlegare Fusa kommune. Som følge av dei høge staumprisane er omsetninga for straumsal heile 153,6 mill.kroner.

2022 har vore eit krevjande år for straumleverandørar. Mange har slite med dårleg likviditet grunna høge straumprisar, og derfor svært høge faktura som skal betalast til leverandøren før kundane betaler sin straumfaktura. Fleire selskap har måtta ta i bruk førehandsfakturering for å betre likviditeten. Variable avtalar har gitt kundane meirkostnader, fastprisavtaler har ført til at mange selskap har tapt store summer, og reine spotprisprodukt har tvinga seg fram til å bli det sikraste å selje kundane frå ein straumleverandør sitt perspektiv, og det tryggaste valet for sluttkunden.

Strøyma Garantert med pristak har vore eit populært produkt for våre kundar, og sparte gjennomsnittskunden for ca. 8 000 kroner i 2021. Me ønskte svært gjerne å tilby dette produktet vidare, men såg i løpet av året at den økonomiske risikoen blei for stor. Det var umogleg å sikre eit gunstig pristak både for oss som leverandør og for våre kundar. Produktet hadde også mista mykje av det som var tenkt med produktet, då straumstøtta blei innført som eit naturleg pristak for hushaldningskundane i desember 2021. Frå 1. september fjerna me derfor pristaket, reduserte påslaget på avtalen, og selde kun Strøyma Timespot til privatkundar.

Før nyttår i 2021 fekk me god kundevekst, og blei derfor betre kjend som straumleverandør i Bjørnafjorden kommune. Me har i løpet av 2022 klart å halde kundemassen med privatkundar på eit stabilt nivå.





I august lanserte me Strøyma-appen som gjev kundane betre kontroll på sitt abonnement og sitt forbruk. Litt barnesjukdommar har det vore, men me har stort sett hatt nøgde kundar. Appen er stadig under utvikling og nye muligheter kjem i 2023.

I 2022 har antal bedriftskundar auka med 12.4%. Dette er resultat av høgt fokus på bedriftsmarknaden, og eit godt forvaltningsprodukt for mindre og mellomstore bedriftskundar i straumavtalen Strøyma Aktiv Bedrift. World Kinect Energy Services, som er vår samarbeidspartnar for handtering av kraft, har forvalta portefølja på ein god måte og kundane våre har spart ca. 4 mill i året som har gått.

Forvaltingsavtalen me sel til store næringskundar, Strøyma Nøkkelfond, har spart kundane våre for ca. 20 mill i 2022, og har derfor vore eit særskilt godt produkt.

Strøyma gjennomførte kundetilfredsundersøking i 2022, og fekk mange gode tilbakemeldingar på god kundeservice, god tilgjengelighet og at me er ein trygg og god lokal leverandør. Dette set me stor pris på, og jobbar kvar dag for å etterleve det.

### BREIBAND

Kundevekst i 2022 var som forventa, ein stor del av hushaldar i vårt leveranseområde er tilknytt fibernettet allereie. Totalt har Strøyma AS ved årsskifte 2050 fiberkundar fordelt på private og bedrifter. Det er jamn og god vekst i både privat- og bedriftsmarknaden.

I 2022 har det vore arbeidd med ferdigstilling av nye sjøkablar, oppgradering av elektronikk i fibernettet, oppkopling av nye kundar og vedlikehald av fibernettet. Det er også levert Elbil-ladar til private og bedrifter.

Det blir arbeidd med nye konsept og produkt, der ein ser på produkt og tenester som kan leverast på eksisterande eller ny infrastruktur.

Alle fiberkundar i tidlegare Fusa kommune kan få opp til 1000/1000 mbps hastigheit og er tilknytt eitt av Noregs raskaste fibernett. Drifta av fibernettet er svært stabil med høg opptid og låg feilfrekvens både for bedrifts- og privatkundar.



Omsetning for breibandstenester var 19,2 mill. kroner. Det vart investert 4,0 mill. kroner i fibernettet i 2022. I hovudsak gjeld investeringane utstyr og arbeid i samband med auka kundevekst samt nødvendig reinvestering i oppgradering av utstyr og fiberlinjer.

I tillegg til straumsal og fibertenester sel Strøyma andre produkt som naturleg knyter seg til desse tenestene.

Resultat 2022 for Strøyma AS er 0,12 mill. kroner.

### FRAMTIDIG UTVIKLING

Fusa Kraftlag SA, Lysna AS og Strøyma AS ønskjer å vera eit konsern som leverer gode produkt og tenester til kundane. Særleg er me opptekne av god og lokal kundehandsaming. Det er ambisjonar om å utvikla nye produkt og tenester slik at verksemda kan veksa og gje enda fleire gode lokale arbeidsplassar.

Lysna AS eig og driftar straumnettet, og har geografisk konsesjon innanfor grensene til tidlegare Fusa kommune. Dette er ei regulert monopolverksemd som har klare rammevilkår frå RME.

Strøyma AS er marknadsselskapet som eig og driftar fibernettet, samt omset straum til sluttbrukarar.

For å sikra god utvikling og at framtidige oppgåver vert løyst på ein god og framtidssretta måte, treng konsernet gode samarbeidspartnarar og alliansar.

For Lysna AS er samarbeidet i allianseselskapet Nettalliansen AS svært viktig. Her blir det samarbeidd om innkjøp både av materiell, IT-plattform og programvare. Samarbeidet skal styrke oss i arbeidet med å løyse dei



oppgåvene som er nødvendige og pålagte på ein effektiv og god måte.

Medlemskap i interesseorganisasjonane Fornybar Norge og Distriktsenergi er viktige med tanke på å kunne påverke korleis bransjen skal utvikle seg, finne gode løysingar for å oppfylle rammevilkår og ikkje minst for å kunne påverke RME/regulator og myndigheiter på ein måte som me ser er bra for kundar og næring.

Strøyma AS samarbeider med Bergen Fiber og Altibox for fibertenester. Det blir også jobba med samarbeids-partnarar innan sensortechnologi for å utvikle selskapet vidare og kunne tilby fleire gode tenester til kundane.

På straummarknaden er det tett samarbeid med World Kinect Energy Services frå Bergen for å levere gode og konkurransedyktige straumprodukt til både privat og bedriftskundar.

## REKNESKAP

Styret meiner det framlagde rekneskap for Fusa Kraftlag SA med konsernrekneskap er dekkande for selskapet si stilling og resultat pr. 31.12.2022. Rekneskapen viser ei omsetning på 6,6 mill. kroner for morselskapet og 276,9 mill. kroner for konsernet.

Morselskapet har eit negativt resultat på 15,2 mill. kroner. Konsernet har eit positivt resultat på 18,3 mill. Kroner. Eigenkapitalen pr. 31.12.2022 er 66% i morselskapet og 54% i konsernet. Varige driftsmidlar er pr 31.12.2022 bokført med 10,2 mill. kroner for morselskapet og 219 mill. kroner for konsernet.

Styret foreslår følgjande disponering av årsunderskot i morselskap: Overføring frå eigenkapital: 15,2 mill. kroner.


Eikelandssosen, 31. mars 2022



Magne Djuvik  
Styreleiar



Ranveig Næss  
Nestleiar



Stig Tveit  
Styremedlem



Atle Kvåle  
Styremedlem



Anette G. Berge  
Styremedlem



Tove Hjartnes Fosså  
Dagleg leiar









# ÅRET 2022

I 2022 har både kundane våre og me som bransje opplevd svært høge straumprisar. Dette har gitt store utfordringar for både samfunnet, bransjen vår og ikkje minst kundane. Heldigvis kom det på plass nokon straumstøtteordningar, men dei høge prisane er utfordrande for mange.

På grunn av lovendringar vart Fusa Kraftlag i 2020 omdanna til konsern med to heileigde dotterselskap. Strøyma AS sel straum samt byggjer og driftar breibandsnett. Lysna AS byggjer og driftar straumnett. Bakgrunnen for desse reglane er at straumnettet er monopolverksemd og at det skal vere tydeleg skilje mellom monopolverksemd og anna verksemd i konsernet. Me håpar at navna etter kvart blir godt kjent i lokalsamfunnet, slik at det ikkje skapa for stor forvirring for folk.

Konsernet vårt står også midt oppe i ei IT-omlegging. Også her er det lovverk som gjer at spesielt Lysna AS har behov for gode ordningar for innkjøp. Dette har me løyst med å vere ein del av Nettalliansen. Der gjer me felles innkjøp både for IT-system og materiell. I 2023 og 2024 skal me inn på felles system og drift for dei største IT-systema våre. Det vil kreve mykje av oss i overgangsperioden, men me får også fordel av å ha same system og driftsavtalar som omlag 20 andre liknande selskap.

Som leiar er det svært gledeleg å få tilbakemeldingar om at folk opplever god service hos oss. Eg får ofte kommentarar om at folk har hatt positive opplevingar både i møte med montørar og planleggarar ut og på telefonen med kundesenteret. Det er svært viktig for oss å kunne yte god service til kundane våre, så eg vil gjerna takka alle tilsette for ein fantastisk arbeidsinnsats i ei krevjande tid. Det er fantastisk å få jobba med folk som er så løysingsorienterte!

No i 2023 held me på å byggje om administrasjonbygget vårt, så kundesenteret er ikkje så lett tilgjengelig for fysisk besøk. Me ser fram til å vere på plass igjen i eigne lokale utpå hausten.

Eg vil også takka styret for gode diskusjonar, takhøgde, konstruktivt arbeid og tillit!

Til slutt: me er her for kundane og medlemmane våre, me lovar å gjere vårt beste for å levere gode tenester. Tusen takk for lojalitet og samarbeid!




Tove Hjartnes Fosså  
Dagleg leiar




# TAL FRÅ VERKSEMDA

## Småkraft – Dotter- og tilknytta selskap




## Overføring til Lysna





## Strøyma – Salg og omsetning




## Strøyma – Ny app!



I 2022 blei **Strøyma-appen** lansert. Appen er gratis og visar straumforbruk, straumprisar, faktura og anna informasjon som har med kundens abonnement å gjera. Den kan lastast ned via App Store eller Google play.



## Kundeundersøking 2022



### Kva var grunnen til at du blei straumkunde hos Strøyma?

- Lokal leverandør
- Anbefaling frå familie og vener
- Annonse på sosiale media
- God kundeservice
- Anna
- Gode prisar



## Resultatrekneskap

Mor			Konsern		
2021	2022	NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2022	2021
0	0	2	Energisal	189 919 673	65 195 171
0	0	2	Inntekter overføring	35 878 219	38 164 795
0	0	2	Breibandsinntekter	19 116 556	18 844 140
0	0	2	Flaskehalsinntekter	13 391 647	0
6 508 934	6 559 169	2	Øvrig inntekter	18 571 362	18 833 667
6 508 934	6 559 169		Sum driftsinntekter	276 877 457	141 037 773
0	0		Endring beholdn. varer under tilvirkn. og ferdigvarer	0	0
0	0	2	Aktivering investeringsarbeid	-3 952 562	-3 932 407
2 915	0	2	Energikjøp	178 060 203	76 221 427
0	0	2	Overføringstenester	11 257 749	12 685 611
2 465	0	2	Varekjøp breiband og øvrege varekjøp	9 324 362	15 349 888
5 717 274	5 355 672	4,9	Lønskostnader	20 163 298	20 198 988
592 337	397 916	1	Ordinær avskrivning	9 928 834	11 018 650
688 015	970 636	2	Annan driftskostnad	19 142 979	11 995 693
7 003 005	6 724 223		Sum driftskostnader	243 924 863	143 537 850
-494 071	-165 054		Driftsresultat	32 952 595	-2 500 076



## Resultatrekneskap forts.

Mor			Konsern		
2021	2022	NOTAR	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER	2022	2021
0	0		Inntekt frå investering i dotterselskap	0	0
1 627 866	2 517 186		Renteinntekt	1 895 519	987 730
292 218	142 740		Motteke aksjeutbyte	142 740	292 218
5 624 025	713 101	11	Gevinst sal verdipapir	1 812 901	5 624 025
10 787 123	-14 664 388		Urealisert verdiendring verdipapir	-14 664 388	10 787 123
-1 850 570	-3 367 016	11	Rentekostnad	-4 765 259	-2 655 117
0	-370 607		Finanskostnad	-370 607	0
-1 493 862	0	11	Tap på sal verdipapir	0	-1 493 862
0	0	8	Resultatandel tilknytt selskap	4 338 071	1 816 005
14 986 800	-15 028 984		Resultat av finanspostar	-11 611 022	15 358 122
<b>14 492 729</b>	<b>-15 194 038</b>		<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>21 341 573</b>	<b>12 858 046</b>
<b>-41 796</b>	<b>-1 189</b>	5	<b>Skattekostnad på ordinært resultat</b>	<b>3 056 312</b>	<b>-1 896 147</b>
<b>14 534 525</b>	<b>-15 192 849</b>		<b>Resultat i året</b>	<b>18 285 261</b>	<b>14 754 193</b>
		6	<b>Minoritetsinteresser</b>	<b>12 768 107</b>	<b>2 570 668</b>
2021	2022	NOTAR	OVERFØRINGAR		
0	0	6	Gåver til almennyttige formål		
14 534 525	-15 192 849	6	Avsett til annan egenkapital		
0	0	6	Utdeling av kjøpsutbyte		
14 534 525	-15 192 849		Sum overføringer		



## Balanse pr. 31. desember

Mor				Konsern	
2021	2022	NOTAR	EIGA	2022	2021
			<b>Anleggsmidler</b>		
			<b>Immateriell eiga</b>		
383 229	687 045	5	Utsett skattefordel	1 926 927	3 191 207
			<b>Varige driftsmidler</b>		
5 183 490	5 183 490	1	Tomtar og boligeigedomar, kraftanlegg	98 581 851	101 287 538
4 400 005	4 140 436	1	Bygningar	4 140 436	4 400 005
0	467 857	1	Fordelingsnett og breibandsnett	108 114 947	106 098 144
481 361	371 480	1	Maskiner, transportmidlar og inventar	8 192 720	7 118 545
10 064 856	10 163 263		Sum varige driftsmidler	219 029 954	218 904 232
			<b>Finansielle anleggsmidler</b>		
121 357 635	126 299 475	7	Investeringar i dotterselskap	0	0
64 989 923	43 656 884	3/14	Lån til føretak i same konsern	0	0
14 259 863	3 640 841	7	Investeringar i tilknytta selskap	9 291 059	14 472 210
24 904 184	11 526 811	3/14	Lån til tilknytta selskap og felles kontrollert verksemd	11 526 811	24 904 184
4 312 000	2 112 000	3	Langsiktige krav	2 112 000	4 312 000
1 017 758	1 017 758		Investeringar i aksjar og andelar	1 017 758	1 017 758
		9	Pensjonsmidlar	2 138 991	1 440 318
125 000	115 000	3	Andre fordringar	115 000	125 000
230 966 363	188 368 769		Sum finansielle anleggsmidler	26 201 619	46 271 470
<b>241 414 448</b>	<b>199 219 077</b>		<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>247 158 500</b>	<b>268 366 909</b>



## Balanse forts.

Mor		NOTAR	EIGA	Konsern	
2021	2022			2022	2021
0	0		<b>Omlaupsmidler</b>		
			<b>Materiallager</b>	4 365 433	3 570 821
			<b>Fordringer</b>		
106 803	258 825		Kundefordringer	47 674 882	39 265 471
6 416 646	28 312 782	14	Fordring på konsernselskap	0	0
1 081 314	100 848		Andre fordringer	4 148 712	6 998 729
7 604 763	28 672 455		Sum fordringer	51 823 594	46 264 200
			<b>Investeringar</b>		
134 534 481	127 022 780	11	Markedsbaserte verdipapir	127 022 780	134 534 481
134 534 481	127 022 780		Sum investeringar	127 022 780	134 534 481
<b>859 180</b>	<b>22 535 654</b>	13	<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>	<b>30 961 434</b>	<b>13 934 716</b>
<b>142 998 424</b>	<b>178 230 889</b>		<b>Sum omlaupsmidler</b>	<b>214 173 241</b>	<b>198 304 217</b>
<b>384 412 871</b>	<b>377 449 964</b>		<b>SUM EIGA</b>	<b>461 331 744</b>	<b>466 671 131</b>



## Balanse pr. 31. desember

Mor			Konsern		
2021	2022	NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2022	2021
			<i>Eigenkapital</i>		
			Innskoten eigenkapital		
438 200	442 000	6	Medlemskapital	442 000	438 200
4 944 833	4 944 833	6	Overkursfond	4 944 833	4 944 833
5 383 033	5 386 833		Sum innskoten eigenkapital	5 386 833	5 383 033
			<i>Opptent eigenkapital</i>		
255 916 413	240 723 564	6	Annan eigenkapital	247 335 617	241 818 463
255 916 413	240 723 564		Sum opptent eigenkapital	247 335 617	241 818 463
			Minoritetsinteresser	6 846 095	-8 060 172
261 299 446	246 110 397		Sum eigenkapital	259 568 545	239 141 324
			<i>Gjeld</i>		
			Avsetjing for forpliktingar		
346 423	353 611	9	Pensjonsforpliktingar	353 611	352 093
346 423	353 611		Sum avsetjing for forpliktingar	353 611	352 093



## Balanse forts.

Mor		NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	Konsern	
2021	2022			2022	2021
			<b>Anna langsiktig gjeld</b>		
110 000 000	106 333 332	10/12	Gjeld til kredittinstitusjonar	106 333 332	110 000 000
0	0		Anna langsiktig gjeld	37 309 090	38 715 650
0	0		Ansvarleg lånekapital	2 902 312	18 422 212
110 000 000	106 333 332		Sum anna langsiktig gjeld	146 544 734	167 137 862
			<b>Kortsiktig gjeld</b>		
9 710 277	0	10	Gjeld til kredittinstitusjonar	0	9 710 277
234 405	507 466		Leverandørgjeld	8 319 597	15 545 815
281 064	319 257	5	Betalbar skatt	1 808 662	281 064
-2 884 044	1 053 497		Skuldige offentlege avgifter	6 637 139	7 490 039
6 929	3 170		Gjeld til medlemmer	3 170	6 929
0	18 178 379	14	Gjeld til konsernselskap	0	0
5 418 370	4 590 855		Annan kortsiktig gjeld	38 096 285	27 005 726
12 767 001	24 652 624		Sum kortsiktig gjeld	54 864 853	60 039 850
<b>123 113 424</b>	<b>131 339 567</b>		<b>Sum gjeld</b>	<b>201 763 199</b>	<b>227 529 805</b>
<b>384 412 871</b>	<b>377 449 964</b>		<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>461 331 744</b>	<b>466 671 131</b>

Eikelandssosen, 31. mars 2023




Magne Djuvik  
Styreleiar



Ranveig Næss  
Nestleiar



Atle Kvåle  
Styremedlem



Stig Tveit  
Styremedlem



Tove Hjartnes Fosså  
Dagleg leiar



Anette G. Berge  
Styremedlem







# Notar til rekneskapen 2022

## Rekneskapsprinsipp

### REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslov av 1998 og god rekneskapsskikk i Noreg.

### KONSOLIDERINGSPRINSIPP

Konsernrekneskapen består av morselskapet Fusa Kraftlag SA samt dotterselskapa Hopselva Kraftverk AS, Gjønaelva Kraftverk AS, Bratthus Kraftverk AS, Strøyma AS og Lysna AS der Fusa Kraftlag SA har bestemmende innflytelse som følgje av juridisk eller faktisk kontroll.

Det er brukt einsarta rekneskapsprinsipp i rekneskapa til konsernet. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innflytelse (tilknytt selskap) vert behandla etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innflytelse føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 % av den stemmeberettiga kapitalen.

Aksjar i dotterselskap er eliminert i konsernrekneskapen.

### HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGNELUTAR OG GJELD

Eignelutar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attende-betalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriteriar lagt til grunn.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrive til gjenvinnbart beløp dersom dette er lågare enn bokført verdi og verdifallet er forventa ikkje å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig.

Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

### ANDRE AKSJAR OG ANDELAR KLASSIFISERT SOM ANLEGGSMIDLAR

Aksjar og investeringar i ansvarlege selskap der selskapet ikkje har betydeleg innflytelse, er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som er forventa ikkje å være forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som annan finansinntekt.

### FINANSIELLE INSTRUMENT

Finansielle instrument, herunder aksjar og obligasjonar, som:

- » Er klassifisert som omlaupsmidlar
- » Inngår i ein handelsportefølje med henblikk på vidaresal
- » Vert omsett på børs, autorisert marknadsplass eller tilsvarande regulert marknad i utlandet
- » Har god eigarspreiing og likviditet

er vurdert til verkeleg verdi på balansedagen. Andre investeringar er vurdert til lågaste av gjennomsnittleg anskaffingskost og verkeleg verdi på balansedagen.

### MATERIALLAGER

Materiallageret er vurdert til lavaste av verkeleg verdi og anskaffingskost.

### INNTEKTER FRÅ KRAFTOVERFØRING

Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet



**Rekneskapsprinsipp held fram**

sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i høve til mengda leveringsavbrot gjennom året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og blir ført attende til kundane. Mindreinntekt kan tilsvarende rentebereknast og krevjast inn frå kundane.

**INNTEKTER FRÅ ENERGISAL**

Inntekter frå energisal vert rekneskapsført ved levering. Realiserte inntekter frå fysisk og finansiell handel i energikontraktar vert presentert som energisal. Vinst og tap ved finansiell sikring vert presentert netto.

**ANDRE INNTEKTER**

Andre inntekter vert rekneskapsført når dei er opptent, altså når både risiko og kontroll er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfelle når vara eller tenesta er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

**FORDRINGAR**

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap vert gjort på grunnlag av individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

**BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKANDE**

